

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: *Buskerud*

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Hemsedal*Emne: *Skav*Bygdelag: *Sørbygda*Oppskr. av: *Ola Rudvin (f. 1899)*Gard: *Ruedalop*(adresse): *Hammerstadg. 12 B<sup>II</sup>, Oslo*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Heimeføret og stølsføret (voll-føret) vart rekna for det beste (fullverdig). Skrapføret frå utmark og skatter (slattefôr) og myrar (størr) var ringare. Nokolunde bra som fôr rekna dei lauv (rispalauv og rakalauv), helv (halm), agrer, småpoteter (mås-epler), potetgras (eplegras) og kjernelauv (etter lauvving). Mindre bra og mindre nytta var møse, ris, skav, hestemik, rauneløg (til sørpe), briskeløg (kalvedrikk om sommaren) og kelvesukk (blanding av oppvaskvann, gryteskover, mjølkeshvettar, grautbetar o. s. b. frå matstellet om sommaren). Spesielt for grisen plukka dei brødmøse og lauv av kvitvier (helst eit slag med tjukke, breie blad).

Det var serleg to grunnar til at dei nytta hjelpefôr: 1) Det var om å gjera å kunne få flest mogeleg dyr vintren over for å få mest mogeleg bedrøkt om sommaren og flest mogeleg dyr til å selja att om hausten. Avdrøkten og sal av dyr om haustane var hovudinnkoma dei hadde å greia seg med. 2) Dei hadde endå ikkje fått syn for kor godt det lönnte seg å dyrke opp myr og skrapmark, og hadde vel heller ikkje dei reidstap og hjelperøder som jamt må til.



1. Noko samnamn for dei ymse slag for ulan.  
an høyrer har eg ikkje høyrst. Men ein kan tale om  
skrapför (og skrapslätt) om høyr frå utmarka, raskeför  
og ruska föring („föring": å sanke för), starrför (eller  
berre ~~starr~~ starr), finnlöpp-för (finnlöpsslätt) o. dl.

2. Noko samnamn for skav, biid, ris osv. er ukjent  
for meg.

3. Skava - é skjiv, mé skjiva - é skov, mé skovo - skavé

4 Skav har vore noko nytta i gamal tid,  
men eg trur ikkje på langt nær så mykje tjerve-  
laev, mose og kan hende ris. Arbeidet var  
seint og gav lite av seg, samanlikna med  
annan föring. Men det var greitt på den  
måten at det kunne vera innearbeid i kveld-  
setene. Og kublane hadde ein kor som var.  
Kan hugsa at me ein gong skov björke-  
kubbar heime då eg var smågut. Men  
rasing var eg med på fleire gonger, likeeins  
mosefaking.

5. Björk var så vidt eg har høyrst, det  
beslaget som vart mest nytta (og som det  
og var mest av - omlag all veden som me  
nytta heime, var björkeved).

6. Skav som namn på beslag er ukjent.

7. „Skav"-rim er ukjent for meg. Men ord-  
talat „legg set meg i legg" tykkjast kjent, om det  
berre er leivning frå lesnad torer eg ikkje seia.  
(Rimt: „Mölte o ber svelta min bror ihel;  
fivil o favé födde mé vel" høyrde eg som  
smågut, men det var our folk).

8. Det var truleg kyrne som helst fekk,  
kan hende oftast som syre i lag med  
anna. Det torer eg ikkje seia noko vissst om.  
(Flestu fekk alltid av beste foret og aldri skav).



9. Har ihlji högt nokk nrs om karleis dei tykte om skavet som før.

10. Dei skov nok helst berre den vedu dei likevel skulle ha til huset. Då drog dei heller til skogs eller beif (som kyrne "beitle" feyst, så skov dei haushje strengane når dei vart saga opp til ved).

11-14. Ukjent.

15. Vel helst som det fell, kuleg: stova om kveldane (vedu skulle kor som var inn og tørke).

16-25. Reidskap og arbeidsmåtar for skaving har eg ihlji stógt på eller högt om (difor kan dei sjölsagt ha funnest, men då helst for lang tid attende). Det tyder på at skav har vore heller like mylla.

26. Skav ~~var~~ <sup>er</sup> no ute av bruk, men som før sagt hugrar eg at me ein einaste gong mylla skav i min barn-dom (kuleg før eg var skulegamal). - Der-som det råkde inn med ei uvanleg streng værkuipe, laut dei naturlegvis gripe til hjilpeför. Å få kjøpt för langvegges ifrå var sjölsagt uråd för jamvegen kom.

Og difor laut dei berge seg på den måtu dei kunne.

15-1-48.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

G. R.